

# 'Vi er ein god skule'

'Vi er ein god skule'

er konklusjonen etter oppstartsprosessen med prosjektet 'Kunnskapsløftet - frå ord til handling'. Skulen har no gjennomført 'vurderarveka' der eksterne vurderarar (m.a. frå Utdanningsdirektoratet, FAFO og Høgskolen i Volda) har intervjuar elevar, lærarar, assistentar og administrasjon.

Resultata skal brukast til finne ut kva skulen er god på, og til å finne ut kva område vi bør bli betre på. Rapporten viser at skulen vår samla sett er ein god skule, her er høg trivsel i ein god atmosfære, eit godt læringsmiljø, gode arbeidsplanar og høg motivasjon for å gjere kvarandre betre. Vi har gode og velutstyrte lokale.

Likevel har vi utfordringar i å utvikle skulen meir, m.a. korleis dei ulike fagmiljøa kan lære meir av kvarandre. Vi bør også bli betre når det gjeld IKT. Vurderargruppa har utarbeidd rapport frå [vurderarveka](#). Denne kan du lese [her](#)

Les gjerne meir om prosjektet i forrige nyheitsartikkel.



2008.10.09 22:02

Nei